SHA-Plan

August 2026

Sunnfjord kommune

Slåtten skule – Hus 4

Plan for sikkerheit, helse og arbeidsmiljø for bygge- og anleggsplassen

Prosjektnummer: 170567
Saknr. 26/6545

Byggherre/Tiltakshavar:
Sunnfjord kommune
6802 Førde

Revisjon nr.	Dato	Omtale av endring	Utarb. av	Godkjent av		
				BH/BHR	KP	KU

Sunnfjord kommune

Innhald

SHA-Plan 1
August 2026 1
Slåtten skule – Hus 4 2
Plan for sikkerheit, helse og arbeidsmiljø for bygge- og anleggsplassen 2
1 Innleiing 4
1.1 Føremål med planen 4
1.2 Orientering om prosjektet 4
1.3 Målsetting for SHA 4
1.4 Informasjon om og oppdatering av SHA-planen 5
2 Organisering av prosjektet 6
3 Framdriftsplan 6
3.1 Viktige milepelar i utføringsfasen 6
3.2 Detaljert framdriftsplan 6
4 Risikoforhold – vurdering og spesifikke tiltak 7
5 Rutinar for behandling av avvik 8
6 Uønskte hendingar 9
7 Førebyggande tiltak 9
8 Vedlegg 10

1 Innleiing

1.1 Føremål med planen

Plan for sikkerheit, helse og arbeidsmiljø (SHA) blir utarbeidd for å ivareta § 8 i Forskrift om sikkerheit, helse og arbeidsmiljø på bygge- eller anleggsplassar (byggherreforskrifta), og er byggherren sin overordna plan for styring av SHA-arbeidet i prosjektet, jamfør §7.

SHA-planen skal sikre at risikoforholda i bygge- eller anleggsarbeid vert handtert på ein forsvarleg måte i samsvar med byggherreforskrifta. SHA-planen vil derfor være et viktig hjelpemiddel for koordineringa i utføringsfasen.

Denne planen gjeld for bygge- og anleggsarbeid ved:

Prosjekt 170567: «Slåtten skule – Hus 4»

Planen må sjåast i samanheng med krava til ivaretaking av SHA i kontraktane mellom byggherre og utførande partar.

1.2 Orientering om prosjektet

Prosjektet omfattar planlegging, prosjektering og gjennomføring av takrehabilitering på Hus 4 på Slåtten skule.

1.3 Målsetting for SHA

Prosjektet sitt mål for bygge- og anleggsarbeida er:

Prosjektet skal gjennomførast utan skade på personar, og med eit godt arbeidsmiljø for dei som jobbar på anlegget.

Byggherren har som mål å gjennomføre den samla byggeprosessen utan ulukker eller materielle skadar. For å sikre dette, skal planlegging og gjennomføring av prosjektet vere i samsvar med *Forskrift om Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø på bygge- og anleggsplassar* (Byggherreforskriften). Gjennom samarbeid mellom byggherre, totalentreprenør, underentreprenør skal utførande entreprenørar arbeide for å redusere risikoen for helseskadar til eit minimum.

Tryggleiksarbeidet på byggeplassen skal prioriterast på lik linje med annan aktivitet.

Arbeidstakarane og omgjevnadene skal utsettast for så minimale ulemper som mogleg i byggeperioden. Med omsyn til naboar i området og brukarar av vegen må det særskilt utarbeidast gode og trygge planar/rutinar i samband med sikring av byggeplassen, evt sprengingsarbeid, anleggstrafikk etc. Arbeid på kveld/natt er ikkje ønskjeleg.

Alle deltakarar i planlegginga og prosjekteringa skal planlegge sitt fagområde med tanke på forsvarleg gjennomføring på byggeplass og innarbeide dette i produksjonsmateriell/teikningar i den grad det høver for deira fag.

1.4 Informasjon om og oppdatering av SHA-planen

Koordinator for SHA i prosjekteringsfasen (KP) er dokumentansvarleg for planen fram til oppstart av bygge- eller anleggsarbeida. Koordinator for SHA i utføringsfasen (KU) er dokumentansvarleg for planen i utføringsfasen av prosjektet.

Planen skal reviderast dersom det er endringar i prosjektet og opplysningar om dette, eller komande aktivitetar som krev at planen skal utviklast vidare. Oppdateringa av planen skal distribuerast på e-post eller prosjekthotell.

Tabell 1: Distribusjonsliste

Funksjon/rolle	Kontaktperson	Verksemd	E-post
Byggherre		Sunnfjord kommune	
Byggherreombod	Marika Peterson	Sunnfjord kommune	
Koordinator prosjektering	Ikkje avklart	Totalentreprenør	
Koordinator utføring	Marika Peterson	Sunnfjord Kommune	
Prosjekterande	Ikkje avklart	Totalentreprenør	
Totalentreprenør	Ikkje avklart	Totalentreprenør	

Gjeldande versjon av SHA-planen skal vere lett tilgjengeleg på bygge- eller anleggsplassen.

Ein kvar som oppdagar feil eller manglar i planen eller endra risikotilhøve, har ansvar for å melde om dette til byggherre, sjå også kapittel 5.

Planen skal oppbevarast i seks månadar etter at bygge- eller anleggsarbeidet er avslutta.

2 Organisering av prosjektet

Prosjektet skal gjennomførast som ein totalentreprise.

Organisasjonskart som viser organisering og rollefordeling av SHA-arbeidet i prosjektet går fram av vedlegg A.

3 Framdriftsplan

Framdriftsplanen skal beskrive når og kvar dei ulike arbeidsoperasjonane skal utførast. Det skal vere avsett tilstrekkeleg tid til prosjektering og utføring av dei ulike prosessane.

Framdriftsplanen skal ta omsyn til samordning av dei ulike arbeidsoperasjonane.

3.1 Viktige milepelar i utføringsfasen

Milepel/Aktivitet	Beskriving	Dato
Byggestart	Oppstart byggeplass	Ca. 10 Oktober
Overtaking	Overtaking	Ca. 01.05.2027

3.2 Detaljert framdriftsplan

Arbeidet er planlagt gjennomført i løpet av haust/vinter 26.

Den enkelte entreprenør har ansvar for å utarbeide og vedlikehalde ein detaljert framdriftsplan for eigne arbeid i samsvar med krav i kontrakt med byggherre.

Framdriftsplanen skal utarbeidast før oppstart av eigne arbeid, og gjeldande utgåve av planen skal vere tilgjengeleg på bygge- eller anleggsplassen.

4 Risikoforhold – vurdering og spesifikke tiltak

Tabellen under viser ei oversikt over identifiserte risikoforhold og risikoreduserande tiltak som skal implementerast i vidare arbeid med SHA. Lista er ikkje uttømande.

	Farleg forhold	Aktuelt? (Ja/nei)	Beskriving av forholdet og mogleg konsekvens	Risikoreduserande tiltak	Dokumentasjon
1	Arbeid nær installasjonar i grunnen	Nei			
2	Arbeid nær høgspentleidningar og elektriske installasjonar	Nei			
3	Arbeid på steder med passerande trafikk	Ja	Trafikk rundt heile Hus 4 til og frå. Areal rundt bygget blir brukt i friminutt. Trafikk inne i gymsal ved fjerning av takvindauge.	Avsperring av veg ved montering og demontering av stillas og evt. Ved andre behov. Sikker tilkomst til rømningsveger.	
4	Arbeid der arbeidstakaren kan bli utsett for ras eller synke i gjørme	Nei			
5	Arbeid som inneberer bruk av sprengstoff	Nei			
6	Arbeid i sjakter, underjordisk masseforflytning og arbeid i tunnelar	Nei			
7	Arbeid som inneberer fare for drukning	Nei			
8	Arbeid i senkekasser der lufta er komprimert	Nei			
9	Arbeid som inneberer bruk av dykkarutstyr	Nei			
10	Arbeid som inneberer at personar kan bli skada ved fall eller av fallande gjenstandar	Ja	Fall av gjenstand og person ved arbeid på tak og i himling.	Oppsetting av stillas med sparkelist. Sikring av personell med fallsele ved behov.	
11	Arbeid som inneberer riving av bærande konstruksjonar	Nei			
12	Arbeid med montering og demontering av tunge element	Nei			
13	Arbeid som inneberer fare for	Nei			

	helseskadeleg eksponering for støv, gass, støy eller vibrasjonar				
14	Arbeid som utsetter personar for kjemiske eller biologiske stoff som kan medføre en belastning for sikkerheit, helse og arbeidsmiljø, eller som inneberer et lov- eller forskriftsfestet krav til helsekontroll	Nei			
15	Arbeid med ioniserande stråling som krev at det utpeikast kontrollerte eller overvakande soner	Nei			
16	Arbeid som inneberer brann- og eksplosjonsfare	Nei			
17	*Andre HMT-kritiske forhold….*				

5 Rutinar for behandling av avvik

Med avvik meiner ein i denne samanheng endringar i løysingar, planar, framdrift, risikoreduserande tiltak eller andre forhold i prosjektet som kan påverke SHA for arbeidstakarane på bygge- eller anleggsplassen.

Arbeidsgjevarar og einmannsbedrifter skal informere byggherren om avvik frå SHA-planen som kan ha betydning for arbeidstakarane sin sikkerheit, helse og arbeidsmiljø. Risikoforhold som er forårsaka av byggherren og/eller dei prosjekterande sine val og som ikkje er omtalt i SHA-planen, skal også meldast som avvik til byggherren.

<u>Avvik frå SHA-planen kan mellom anna vere:</u>

- Endring i organisasjonskartet.
- Endring av tidsfristar eller arbeidsprosessar i framdriftsplan.
- Endring av spesifikke tiltak.
- Spesifikke tiltak blir ikkje gjennomført som planlagt.
- Omprosjektering som kan medføre endring av risikoforhold.

<u>Rutine for avvikshandtering:</u>

Informasjon og melding om avvik skal sendast byggherren ved KU. KU skal fortløpande:

- Registrere innmeldt eller oppdaga behov for endring av SHA-planen gjennom prosjektets avvikssystem.
- Halde byggherren orientert om avvik knytt til SHA-planen.
- Følgje opp at risiko som følgje av avviket blir vurdert.
- Syte for at nødvendige risikoreduserande tiltak blir identifisert.
- Syte for at tiltak blir slutta, iverksett og kommunisert.
- Syte for at SHA-planen vert oppdatert med omsyn på dette.

Rutinar for handtering av avvik skal avtalast før oppstart med entreprenør. Entreprenøren sitt system for avviksmelding skal brukast i prosjektet.

Byggherren skal godkjenne tiltak og nødvendige oppdateringar av SHA-planen. Arbeidsgjevar og einmannsbedrifter skal haldast informerte om endringar i SHA-planen.

6 Uønskte hendingar

Uønskte hendingar skal rapporterast på, eigna skjema, av dei ulike aktørane.

7 Førebyggande tiltak

Byggherren stiller fylgjande krav til førebyggjande tiltak:

- Det skal gjennomførast tiltak som hindrar at uvedkomande kjem inn på anleggsplass.
- Det skal takast omsyn til andre verksemder i nærleiken av anleggsområdet.
- Det skal vere god orden og forsvarleg hygieniske forhold på anleggsområdet.
- Det skal sikrast trygg tilkomst til arbeidsplassane og trygge ferdselsvegar på anlegget.
- Tilrettelegging av område for lagring og oppbevaring av ulike materialar, særleg gjeld dette farlege materialar.
- Vedlikehald, kontroll før igangsetting og kontroll av anlegg og utstyr, for å kunne rette opp feil som kan påverke arbeidstakar sin tryggleik, helse og arbeidsmiljø.
- Lagring, handtering og fjerning av avfall og farlege materialar.
- Forsvarleg arbeidstidsordningar.
- Tilfredsstillande personalrom.
- Forsvarleg innkvartering av arbeidarar.

8 Vedlegg

Organisasjonskart, døme

Vedlegg a; Organisasjonskart, døme totalentreprise



Figur 1. Totalentreprise

Rød tekst: Rolle iht byggherreforskriften/arbeidsmiljøloven
Blå tekst: Entrepriseforhold
Sort tekst: Navn på firma eller person.